

# Møteprotokoll for kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Saksbeh: Synnøve S. Falkendal / Anne-Marte Før      Vår ref: 2018-4

Sted og dato: Vang, 26.09.2018

---

**Møte 4/2018**

## MØTEPROTOKOLL KONTROLLUTVALET I VESTRE SLIDRE KOMMUNE

**Møtestad:** Slidretun, Vestre Slidre Kommune  
**Møtedato:** Måndag 24. september 2018  
**Møtetidspunkt:** Kl. 11.00 – 14.00

**Tilstades:** Olle Rosendal (leiar), Tove Skogheim Nyhagen (medlem)

**Møtende varamedlemmer:** -

**Forfall:** Frode Rolandsgard (nestleiar)

**Andre:** Eivind Brenna (ordførar), Dagny Thon Hovrud (Kommunerevisjon IKS)

**Protokollfører:** Anne-Marte Før og Synnøve Sørum Falkendal

### Sakliste

**Sak 9/2018**      Orientering frå Kommunerevisjonen IKS  
**Sak 10/2018**    Uavhengighetserklæringar frå Kommunerevisjonen IKS  
**Sak 11/2018**    Oppdragsavtale og erklæringar om teieplikt - Kontrollutvalet/Sekretariatet  
**Sak 12/2018**    Praktisk samarbeid – Kontrollutvalet/Sekretariatet  
**Sak 13/2018**    Vidare prosess: Retningsliner for kontrollutvalsarbeidet i Valdres  
**Sak 14/2018**    Kontroll og tilsyn: Moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt i Vestre Slidre kommune  
(Møte vurderast lukka med heimel i koml. § 31 og offl. § 24)

### **Godkjenning av innkalling og sakliste:**

Einstemmig godkjent

### **Neste møte:**

Sekretariatet får i oppgåve å finne ein dato når arbeidsgruppa for utarbeiding av retningsliner er sett i gang. Det er ynskjeleg å få til møtet i starten av november.

### SAKLISTE

**Sak 9/2018**      **Orientering frå Kommunerevisjon IKS**

### **Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå Kommunerevisjon IKS til vitande.

# Møteprotokoll for kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Saksbeh: Synnøve S. Falkendal / Anne-Marte Før

Vår ref: 2018-4

Sted og dato: Vang, 26.09.2018

---

## **Handsaming i møtet:**

Konstituert dagleg leiar, Dagny Thon Hovrud, orienterte om status i Kommunerevisjon IKS, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

## **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå Kommunerevisjon IKS til vitande.

## **Sak 10/2018 Uavhengighetserklæringar frå Kommunerevisjon IKS**

### **Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarlege revisorar sin eigenvurdering av uavhengigheit til vitande.

### **Handsaming i møtet:**

Konstituert dagleg leiar, Dagny Thon Hovrud, i Kommunerevisjon IKS orienterte om uavhengighetserklæringane.

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarlege revisorar sin eigenvurdering av uavhengigheit til vitande.

## **Sak 11/2018 Kontrakt og erklæringar om teieplikt - Kontrollutvalet/Sekretariatet**

### **Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalget har gjort seg kjent med den signerte oppdragsavtala mellom kontrollutvalget og sekretariatet, samt signerte taushetserklæringar, og tek desse til vitande.

### **Handsaming i møtet:**

Sekretariatet signerte erklæringar om teieplikt i møtet.

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet har gjort seg kjent med den signerte oppdragsavtala mellom kontrollutvalet og sekretariatet, samt signerte erklæringar om teieplikt, og tek desse til vitande.

## **Sak 12/2018 Praktisk samarbeid – Kontrollutvalet/Sekretariatet**

### **Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalget ber sekretariatet følge opp utvalget sine konklusjonar etter drøftingane.

### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet og sekretariatet drøfta praktisk gjennomføring av samarbeidet.

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet ber sekretariatet følge opp utvalet sine konklusjonar etter drøftingane.

## **Sak 13 /2018 Vidare prosess: Retningslinjer for kontrollutvalsarbeidet i Valdres**

### **Forslag til vedtak:**

Ingen forslag til vedtak frå sekretariatet før møtet.

### **Handsaming i møtet:**

Vidare framdrift vart drøfta i møtet.

# Møteprotokoll for kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Saksbeh: Synnøve S. Falkendal / Anne-Marte Før

Vår ref: 2018-4

Sted og dato: Vang, 26.09.2018

## Vedtak:

- Kontrollutvalet ønsker at arbeidsgruppa skal bestå av ein representant frå kvart kontrollutval.
- Leiar stiller som representant frå kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune.
- Sekretariatet skal vere med i arbeidsgruppa, som kontrollutvalet sin sekretær.
- Det arbeidsgruppa har ikkje vedtaksrett. Arbeidet til utvalet er å betrakte som ei innstilling.
- Kontrollutvalet ynskjer å invitere inn ein rådmann og ein ordfører i arbeidsgruppa.
- Dersom det ikkje er likelydande vedtak i dei seks kommunene ber kontrollutvalet om at leiar og sekretariatet set i verk arbeidet i henhold til vedtak i fleirtalet av kontrollutvala.

## Sak 14/2018      **Kontroll og tilsyn: Moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt i Vestre Slidre kommune** (Møte vurderast lukka med heimel i koml. § 31 og offl. § 24)

Einstemmig vedtatt å lukke møtet i denne saka.

## Forslag til vedtak:

Kontrollutvalget tek orienteringa frå Kommunerevisjon IKS til vitande.

## Handsaming i møtet:

Konstituert dagleg leiar i kommunerevisjonen IKS, Dagny Thon Hovrud, gjekk igjennom planen for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for Vestre Slidre kommune 2016-2019 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

## Vedtak:

- Kontrollutvalet tek orienteringa frå Kommunerevisjon IKS til vitande.
- Kontrollutvalet vil drøfte lokale forvaltningsprosjekt i neste møte.

Vang, 26.09.18.

Synnøve S. Falkendal (*sign*) og Anne-Marte Før (*sign*)  
Kontrollutvalgssekretariatet for Valdres

Kopi sendt: Ordførar og Kommunerevisjon IKS, rådmann og postmottak.

## Møteprotokoll godkjent:

Vang,

\_\_\_\_\_  
Olle Rosendal

\_\_\_\_\_  
Tove Skogheim Nyhagen

\_\_\_\_\_  
Frode Rolandsgard (sett)